



Radøy kommune - Plan og byggesak

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/972 - 14/3034

Saksbehandlar:

Øyvind Hatleli

oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:

26.03.2014

Søknad om løyve til tiltak - omlegging av veg- Gbnr 66/8 - jordlovsbehandling

Delegasjonssak nr.:

Saksutgreiing:

Viser til søknad om omlegging av veg på gnr/bnr 66/8 i Radøy kommune. Vegen er teikna inn langs kanten av eit areal med overflatedyrka mark, og sidan det ikkje er ein landbruksveg må ein handsame søknaden etter jordlova § 9 om bruk av dyrka og dyrkbar jord.

«jord mål ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Jordbruksjord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida».

Handsaminga etter § 9 skal ta omsyn til:

Godkjende planar etter plan- og bygningslova

Omsøkt området ligg som LNF-område i kommuneplanens arealdel.

Drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området

Det vil vera til ulempe for landbruksdrifta på eigedomen og i området dersom for mykje av dyrkamarka vert omdisponert til veg.

Kulturlandskapet

kulturlandskapet vil ikkje verte påverka noko særleg av tiltaket. Den gamle vegen vert fjerna, så sluttresultatet vil verta nokolunde det same som før.

Samfunnsgagnet ei omdisponering vil gje

Det er skreve i søknaden at den eksisterande vegen ikkje er trygg å køyre om vinteren. Det vil i så måte vera eit positivt samfunnsgagn at ein får ei trygg vegløyving om vinteren for tre husstandar.

Landbrukskontoret finn at ein kan gje løyve etter jordlova § 9 til omdisponering av landbruksarealet. Det samfunnsmessige gagnet er så stort at ein kan godta ei omdisponering av dyrkamark. Det er ein liten teig som vert påverka av tiltaket

Vedtak

Det vert gjeve løyve til å leggje veg som omsøkt på gnr/bnr 66/8 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet:

- Dyrkamarka skal påverkast i minst mogleg grad.
- Eksisterende veg som skal fjernast må lagast til dyrkamark der det er mogleg.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b
Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt spesialkonsulent Øyvind Hatleli.*

Med helsing

Torill Marie Mulen
leiar

Øyvind Hatleli
spesialkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy kommune - Plan og byggesak